



ÅRSMELDING 2017

1.1. - 31.12.2017

Styret 2017: Eva Almhjell, leiar (2017-2019) og nettansvarleg, Grethe Larsgard Rudningen, nestleiar (2017-2019), styremedlem og nettredaktør Margarethe L'orange (2016-2018), styremedlem Maria Sondrål (2016-2018), styremedlem Inger Grostolen (2017-2019).

Varamedlemmer: Per Lilleslett (2016-2018), Turid Birgit Lien (2017-2019), Kjell Snerte (2017-2019).

Valnemnd: Brit Kaupang (2016-2018) og Oddvar Reinton (2017-2019).

Kasserar: Ola Ruud (ikkje med i styret).

Revisor: Borgny Thorsrud og Ragndi Skorve (begge 2016-2018).

Talet på styremøter: 3

Medlemstal pr. 31.12.2017: 84 (80 som betalande).

Medlemsbrev: 2

Aktivitetar

Årsmøtet 2017

var 21. april med 18 frammente medlemmer.

Styre-tilrådde justeringar av vedtektene vart godkjent.

Årsmøtet var nøgd med styret sitt arbeid. Forfattar, tidlegare høgskulerektor og mangeårig medlem av Olav Sletto-selskapet, Arild Mikkelsen, tala om Olav Sletto som folkehøgskulemann. Mat, drikke og lang, triveleg svall avslutta møtet.

Prosjekt "Digitalisering av Olav Sletto-arkivet" – fase I

Styret har i 2017 prioritert arbeidet med å transkribere (skrive av), skanne og mellombels lagra på minnepinnar, brev og andre dokument i Sletto-arkivet. Tre transkriberarar har vore i arbeid. Fleire hundre dokument er digitaliserte. Minnepinnane - med tilhøyrande rapportar (3) om framdrifta i arbeidet - er sendt Hol kommune/bygdearkivet for sikker langtidslagring, saman med tre rapportar. Hol kommune støtta digitaliseringsprosjektets fase I med 12 000 kr. i 2017. Utan denne støtta, ingen digitalisering! Vi takkar!



F.v. Eva Almhjell og Grethe Larsgard Rudningen på Kjerringtorget 2017. Foto: Privat.

Kjerringtorget 2017 på Nesbyen

Olav Sletto-selskapet var for fyrste gong med på Kjerringtorget i Nesbyen. Det fann stad 26. og 27. august. Vi synte oss fram med bøker og hefter blant mange titalls utstillarar frå alle kantar av landet. Salet ga meir enn kr. 6000 i selskapets kasse.

OLAV SLETTO-DAGEN 2017



Forelesarar til Olav Sletto-dagen 2017. F.v.: Jan Inge Sorbo, Erling Sørli, Grethe Fatima Syéd, Jørn Øyrehagen Sunde. Foto: E.Almhjell.

Olav Sletto-dagen 2017 fann stad i Ål kulturhus, i samarbeid med Ål bibliotek. Om lag 50 frammente frå heile dalen var der. På programmet sto Olav Slettos liv og diktning – og Olav Duun – om bygd og bygdefolk, med nytt stoff, ny forskning og nye sider ved Hallingdal sin store forfattar. Og det var prisløna formidlarar som var der: Professor Jørn Øyrehagen Sunde, Universitetet i Bergen, Ph.D. Grethe Fatima Syéd og lektor Erling Sørli, spesialistar på Olav Duun, som hadde lese seg opp på Olav Sletto, og professor Jan Inge Sorbo,

som kjem med ny bok om nynorsk litteraturhistorie, der Olav Sletto no har sin plass. Vi viser til nettstaden vår for fyldig omtale av Olav Sletto-dagen 2017. Olav Sletto-dagen 2017 vart støtta av Buskerud Mållag, Ål kommune, Ål Mållag og SKUE Sparebank. Utan denne støtta, ingen Olav Sletto-dag. Vi takkar!

Jørn Øyrehagen Sunde si tale på nett

Heile tala vart i februar 2018 lagt ut som lydfil på www.olavslettoselskapet.no. Publiseringa er tillate av Jørn Øyrehagen Sunde og Radio Hallingdal, som gjorde opptak under Olav Sletto-dagen 2017. Vi takkar!

Boksal

Av boka Per Gjetar er seld 20 x, boka om Anne Sletto 22 x og 13 x av Årshefter/jubileumsheftet er selde i 2017.

Olav Sletto i Dølaminne 2017

Slettos tale om "Hallingdal – dalen og dølen" var med i Dølaminne 2017. Talaren Olav Sletto var tema under Olav Sletto-dagen 2017. Sjå over og under.



F.v. Dina Muri, Allan og Eva Cecilie Sletto, Karin og Anders Bull. Foto: E. Almhjell.

Gaver

Olav Sletto sine etterkomarar donerte om lag 7000 kroner til Olav Sletto-selskapet i 2017. Dette er inntekter som bruk av Nasjonalbiblioteket sine Olav Sletto-tekster gir, og som Kopinor har det administrative ansvaret for. Vi er svært takksame for denne støtta, og den anerkjenninga av styret sitt arbeid som ligg i gava. Bildet viser 5 av etterkomarane.

Bokmesse 2017 på Ål

Som i 2015 og 2016, var Olav Sletto-selskapet der, også i år. Leiaren presenterte DØLAMINNE 2017 med 21 spennande artiklar frå dei lokale historielaga i heile Hallingdal. 18 av dei var skrivne av, og stort sett om menn. Spennande lesing. Flott design! Ho la spesiell vekt på Sletto si tale om "Hallingdal – dalen og dølen". Dølen er historisk ettertrakta arbeidskraft, med stor utferdshug og mindre lyst til å koma heim. Noko er endra, anna ikkje, slik Olav Sletto såg det.

Prosjekt "Utvida ordliste for lesing av Olav Sletto"

Vi utvidar Olav Lia si ordliste med ord vi som yngre lesarar har bruk for. Ordlista er tenkt publisert på www.olavslettoselskapet.no med kvart.

Årsheftet 2018

Heftet inneheld m.a. Arild Mikkelsens foredrag om folkehøgskulemannen, Olav Sletto, som han held under årsmøtet 2017. Slettos tale til Lars Eskeland sin 75-årsdag er med. Tala var av Slettos store! Eskeland var læraren hans ved Voss folkehøg-skule. Og vi deler frå digitaliseringsprosjektet med ein «brevartikkel» frå Olav Slettos taleferd i Hallingdal vinteren 1915.

Rekneskap 2017

Økonomien i selskapet er beskjeden god. Bokprosjekta Per Gjetar og Anne J. Sletto skapar enno aktivitet og gir, saman med sal av årshefta og jubileumsheftet frå 2011, inntekter til selskapet. Den økonomiske støtta frå eksterne kjelder gir selskapet handlingsrom nok til å gjennomføre dei store satsingane: Digitaliseringsprosjektet og den årvisse Olav Sletto-dagen.

Medlems-pengane er likevel grunnstammen og svært viktig for selskapets handlingsrom.

Vi fekk åtte nye medlemmer i 2017 og fire utmeldingar. Ein fall frå, det styret kjenner til. Styret takkar alle medlemmer for trufast støtte.

www.olav.slettoselskapet.no

Leiaren er nettansvarleg. Margarethe L'orange er nettredaktor. Målet er å publisere ei nyhende kvar månad. Frå 1.1.2017 - 31.12.2017 er det publisert 18 artiklar. Tiltak for å tilpasse heimesida til publisering av alt digitalisert materiale er sett i gang.

Hol, 6. april 2017

Eva Almhjell

Grethe Larsgard Rudningen

Margarethe L'orange

Maria Sondral

Inger Grostølen